

**Fra:** [Thomas Bjørkeland](#)  
**Til:** [Postmottak Dokken Utbyggingsprosjekt](#)  
**Kopi:** ["post@vlfk.no"](mailto:post@vlfk.no)  
**Emne:** Vedr. Høring - Dokken 2050 Overordnet strategi. Transformasjon av godshavn til bydel. Saksnr. 2020/06396. Forholdet til marine kulturminner.  
**Dato:** fredag 5. februar 2021 10:28:30

---

## **Vedr. Høring - Dokken 2050 Overordnet strategi. Transformasjon av godshavn til bydel. Saksnr. 2020/06396. Forholdet til marine kulturminner.**

Me viser til brev frå Bergen kommune, motteke 12.01.2021.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet vurderer heile området som er omfatta av den overordna strategien som eit prioritert område for marine kulturminne. Områda har tidligare vorte undersøkte med sonar og/eller dykkerundersøkingar. Fleire av dei landnære områda i strategien vart dekka av TBM-massar i samanheng med prosjektet Renere Puddefjord og reknast difor som sterile med omsyn til marine kulturminne. Me gjer merksame på at ei meir inngåande vurdering må gjerast når området skal regulerast og konkrete tiltak skal vurderast. Museet er positiv til strategien og vonar at den endelige utforminga av bydelen vil ta godt vare på det maritime kulturlandskapet i området.

Museet har førebels ingen andre merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing,

**Thomas Bjørkeland | Bergens Sjøfartsmuseum**

Marinarkeolog | + 47 55 54 96 11

[www.museumvest.no](http://www.museumvest.no)